Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 27.08.2021
Vår ref: 2019/1198
Dykkar dato:
Dykkar ref:

NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon på NGIR IKS deponi – Kjevikdalen
Kontrollnummer: 2021.360.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda
Ole-Henry Olsen
Anna Maria Hatland
Hans Rune Valle
Roger Fjellsbø
Oddvin Steinestø

Fra Statsforvalteren i Vestland:
Astrid Holte og Kristin Espeset

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultat frå inspeksjon ved NGIR IKS sitt deponi Kjevikdalen 27.- 28. april. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 5 avvik og 1 merknad ved tilsynet.
Avvik:

1. Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet
2. Lagring av organisk materiale på deponiet skjer ikkje i tråd med løyva for anlegget
3. Verksemda har ikkje oversikt over deponiutviklinga
4. NGIR kan ikkje dokumentere oppfølging av hotspots med deponigass i overflata av deponiet.
5. Overvakinga av deponiet har manglar

Merknad:

1. Verksemda bør vurdere å utvide/endre overvakingsprogrammet på grunnlag av funn i resipientundersøkinga.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 6 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, uten underskrift

Sissel Storebø	Kristin Espeset
seksjonsleiar	senioringeniør

Kopi: Alver kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NGIR IKS	
Organisasjonsnr.: 974702568	**Eigd av:** 856167402
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 Behandling og disponering av ikkje-farlig avfall	

Kontrollert anlegg

Namn: NGIR Kjevikdalen avfallsdeponi	**Anleggsnr.:** 4631.0039.03
Kommune: Alver	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 29.06.2009	**Sist endra:** 23.11.2018

Kontrollert anlegg

Namn: NGIR Kjevikdalen	**Anleggsnr.:** 4631.00128.01
Kommune: Alver	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall- mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 19.05.2017	**Sist endra:** 19.09.2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, og inngår i ein lokal aksjon for tilsyn med avfallsdeponi i fylket.

Tilsynet vart gjennomført med synfaring 27. april og digitalt møte 28. april.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Tekniske innretningar og oppbygging av deponiet
- Mottakskontroll
- Drift av sigevassreinseanlegg
- Drift av gassanlegg
- Utsleppskontroll
- Overvaking
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

NGIR IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 31. desember 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar). Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll. Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Kristin Espeset.

4. Varsel om endra gebyrsats

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. april 2021.

Gebyr vert fastsett og innkrevd med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkreving av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren sine kontrollar. Ved fastsetting av gebyrsats skal forventa ressursbruk knytt til sakshandsaminga eller kontrollen leggast til grunn.

I informasjon om gebyrsats varsla vi på bakgrunn av forventa ressursbruk eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Ressursbruken knytt til tilsynet har blitt større enn forventa, og vi varslar derfor at gebyr for tilsynet vert kr 50 700,-. Dette svarar til gebyrsats 5 for fleirdagstilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dersom de har merknadar til dette varselet, må dei sendast til Statsforvaltaren innan tre veker. Gebyret blir deretter fastsett i eige vedtak.

5. Innsyn

Denne rapporten vil offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1
Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet

Avvik frå:
Deponiløyve

- punkt 1.2 om plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- punkt 4.1 om tiltak for å redusere sigevassmengda
- punkt 4.3 om sigevasshandtering
- punkt 8.3 om vassbalanserekneskap

Kommentar til regelverket:
Deponiløyve punkt 1.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
All forureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

Deponiløyve punkt 4.1: Tiltak for å redusere sigevassmengda
Det skal leggast til rette for at det dannar seg minst mogleg sigevatn i deponiet utover den vassmengda som trengs for å oppretthalde gassproduksjon. Alt sigevatn skal samlast opp. Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om naudsynt sette i verk tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet. Reint overflatevatn frå omkringliggande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje tilførast sigevassnettet, men leiast separat utanom deponiet.

Det skal også vere kontroll med inntrenginga av nedbør i deponiet. Deponiet sitt nedbørsfelt skal avgrensast ved midlertidig avskjering av det aktive arealet som er ope for deponering. Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet skal dokumenterast gjennom overvakingsprogrammet og vassbalanseutrekningar, jamfør punkt 8.2 og 8.3 i løyvet, og skal inngå i miljøovervakingsprogrammet, jf punkt 8.4.

Deponiløyve punkt 4.3: Sigevasshandtering
Sigevatnet skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengelege teknikk (BAT).

Deponiløyve punkt 8.3: Vassbalanserekneskap
På bakgrunn av resultat frå anna overvaking, skal verksemda lage eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Verksemda manglar tiltak for å redusere sigevassmengda
Verksemda har ikkje planlagt drifta ved deponiet med tanke på å avgrensa mengda sigevatn.

Deponiet har vore i drift sidan 1982 og ingen område er avslutta med toppdekke. Dette gjer at det er eit stort område med sigevassdanning.

NGIR har starta arbeidet med å sprenge ut eit nytt område som er tiltenkt å bli ei ny deponietappe. Dette nye område som det ikkje er deponering på per nå, vert også ført til sigevassleidninga.

Det manglar også dokumentasjon og oversikt på avskjæring av overflatevatn frå område utanfor deponiet.

Det er ikkje laga eit vassbalanserekneskap for deponiet.

Verksemda har ikkje tilstrekkjeleg optimalisering av reinseeffekt sigevassreinseanlegg

Tatt i betraktning det vi har av data på reinseeffekt og opplysningar frå resipientrapporten er ikkje reinsinga tilstrekkeleg optimalisert. Det er ikkje gjort nok tiltak for å minske vassbelastinga på reinseanlegget, og det er ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert nye tiltak som kan gi høgare reinseeffekt. Reinseanlegget vart nyleg sett i drift, og verksemda har allereie gjort nokre optimaliseringar.

Det er ikkje gjort berekningar av den totale mengda forureiningar som gjekk ut ved overløp, og det er ikkje rapportert om dette i eigenrapporten.

Reinseanlegget for sigevatn blei etablert i 2019. Etter detta har verksemda tatt fleire prøver årleg enn det som ligg i måleprogrammet for å sjå på effekten av reinsinga.

Gjennomsnittleg reinseeffekt for tungmetall er mellom 3 og 48 %. Reinseeffekten er høgast for jern. For sink aukar konsentrasjonen ved utløp reinseanlegg.

For alle tungmetalla, bortsett frå Cu er det ein nedgang i konsentrasjon samanlikna med snittet for 2010 – 2019 og snitt siste 5 år. Nedgangen ligg på mellom 10 og 80 %. Cu viser ein nedgang sett i forhold til snittet siste 10 år, men viser ein liten oppgang sett i forhold til snittet siste 5 år.

Målingane i 2020 indikerer at reinsinga er betre ved låg vassbelasting samanlikna med høg. Høg hastigheit ved utløpet kan også bidra til å virvle opp partiklar som heldt på å settle ut og dermed auke konsentrasjonen av enkeltstoff. Ved høge nedbørsmengder går sigevatn i overløp direkte til resipient. I 2020 blei det slep ut 177 072 m^3 reinsa sigevatn medan 55114 m^3 ureinsa sigevatn gjekk i overløp.

Resipientrapporten frå 2018 viser at konsentrasjonen av PAH i sediment har gått ned på alle stasjonar, men er fortsatt i kategorien «dårleg» på alle stasjonar. PCB-nivået er klassifisert som «moderat», det er ingen nedgang frå 2013. Innhaldet av sink er moderat på alle stasjonar og på stasjonen nærast utsleppet er innhaldet av kopar i kategorien «dårleg». Nivåa av dei andre tungmetalla er i kategorien «god», men nivåa av tungmetall er aukande samanlikna med tala frå 2013.

Avvik 2
Lagring av organisk materiale på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 9-4 a) om forbod mot deponering av visse avfallstypar
- Avfallsanleggløyvet punkt 3.4 om krav til dekke
- Avfallsanleggløyvet punkt 3.7.2 om lagring av kompost

Kommentar til regelverket:
Avfallsforskrifta § 9-4 a) om forbod mot deponering av visse avfallstypar
På ordinære deponi kan TOC-innhaldet vere maksimalt 10 %.

Avfallsanleggløyvet punkt 3.4 om krav til dekke
Behandling og handtering, inkludert lagring, av andre avfallstypar/-aktivitetar som kan føre til fare for avrenning skal minst gå føre seg på fast dekke. Dersom risikovurderinga viser at det er naudsynt, skal behandling og handtering, inkludert lagring, likevel skje på tett dekke. Dette kravet gjeld for lagring av avfallsfraksjonar som ikkje er særskilt omtalt i første del av kravet, som greiner/røter/treavfall og ferdig kompost.

Avfallsanleggløyvet punkt 3.7.2
Komposten skal lagrast på ein slik måte at ein har oversikt over lagringstid og mengde på lager.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
På deponiet var det lagt avfall med for høgt TOC-innhald til at det kan deponerast, og som heller ikkje tilfredsstilte krava til lagring i løyve til avfallsanlegget. Dette gjaldt mellom anna greiner/røter/treavfall. Avfallet såg ut til å ha lege der i lengre tid. På deponiet låg også kompostert kloakkslam som er planlagt brukt som ein del av eit toppdekke. Det var ikkje klare avgrensingar av dette komposterte materiale, . Det var ikkje dokumentert på kart kor store mengder kompost som var lagra eller lagringstid for ulike delar, eller at avfallet ikkje førte til fare for avrenning.

Det er ikkje fast dekke mellom deponiet og lagra kompost.

Avvik 3
Verksemda har ikkje oversikt over deponiutviklinga

Avvik frå:

- Deponiløyvet punkt 8.3 om oversikt over deponiutvikling

Kommentar til regelverket:
Verksemda skal årleg lage ein oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er tatt i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetting, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiets sin attverande kapasitet.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Verksemda har ikkje ei samla oversikt over deponiet si utvikling, inkludert deponiareal som er tatt i bruk, kvar det er lagt avfall og kor store mengder.

Avvik 4
NGIR kan ikkje dokumentere oppfølging deponigass i overflata av deponiet.

Avvik frå:
- Deponiløyvet punkt 5 om deponigass

Kommentar til regelverket:
Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. Det skal setjast i verk avbøtande tiltak for å sikre lågast mogleg utslepp til luft.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
NGIR kan ikkje dokumentere om og korleis funna i undersøking av diffuse utslepp av deponigass er følgt opp med tiltak. Verksemda har gjort målingar av deponigass i overflata på deponi i 2014 og i 2017. Det blei funne hotspots med utlekking av metan enkelte stader i 2017. Den gjennomsnittlege utlekkinga var mindre i 2017 enn i 2014, truleg på grunn av betre gassoppsamling, men hotspota var i stor grad dei same som ved førre undersøking.

Avvik 5
Overvakinga av deponiet har manglar

Avvik frå:
Avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg III punkt 3 om overvaking

Kommentar til regelverket:
<u>Grunnvatn</u>
Overvakinga av grunnvatn må rettast mot grunnvatn som kan bli påverka av deponiet, med minst eitt målepunkt i grunnvatnet sitt innstrøymmingsområdet og to i utstrøymmingsområdet. Talet på prøvepunkt kan aukast på grunnlag av en spesifikk hydrogeologisk undersøking og graden av trong for en rask stadfesting av eventuelle utslepp av sigevatn i grunnvatnet som følge av uhell.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
I 2020 er det berre gjennomført overvaking i brønn 2 (oppstrøms) og brønn 3 (nedstrøms). Det er ikkje gjort ei vurderinga av resultata.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1
Verksemda bør vurdere å utvide/endre overvakingsprogrammet på grunnlag av funn i resipientundersøkinga
Verksemda bør gå gjennom siste resipientrapport og vurdere om funna der tilseier at overvakinga av sigevatn bør endrast. For eksempel bør ein vurdere å inkludere miljøgifter som berre er i 5. årsprogrammet i det årlege programmet dersom konsentrasjonane aukar i sjøsedimentet (eksempel HBCDD). Ein bør også vurdere å inkludere PFAS-stoff som ikkje inngår i sigevassovervakinga.

8. Andre forhold

Avslutningsplan

Verksemda vil gjennomføre 3D-kartlegging av deponiet. Deponiet nærmar seg maksimal fyllingsgrad på delar av området. Verksemda orienterte om planar om etablering av anlegg for handtering av massar oppå deponiet.

Kravet i deponiløyvet er at endeleg avslutningsplan skal sendast Statsforvaltaren seinast 1,5 år før avslutning. I løyvet til avfallsanlegget er det sett krav til at verksemda kan lagre kompost til bruk i samsvar med avslutningsplanen for deponiet.

Vi legg til grunn at verksemda må lage ein oppdatert avslutningsplanen for deponiet, og at 3D-kartlegginga vil vere eit viktig grunnlag for dette arbeidet. Arbeidet med avslutningsplanen må vere ferdig før vi kan vurdere ev. løyve til avfallsanlegg oppå deponiet. Vi ber verksemda orientere Statsforvaltaren om framdrifta i arbeidet med avslutningsplanen saman med tilbakemeldinga om retting av avvika i denne rapporten.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren